Det er to interne modeller: Tre lokale forskerskoler, og en nasjonal forskerskole (primært for pedagogikk). Det er lite kontakt mellom skolene, og det vil jo være et spørsmål om ressursutnyttelse om antallet kandidater reduseres. I tillegg kommer det frem at med synkende interne ressurser i spesifikke emner så kan en nasjonal organisering være ønskelig og fornuftig for flere temaer.

Det er også uklart for enkelte kandidater hvor integrert alle er i forskerskolene, og i noen tilfeller er tilknytningen nokså vag. Poenget med å lage mindre læringsmiljøer er jo drevet av at man som fakultet har hatt et stort antall kandidater, og at det derfor var ønskelig med mindre miljøer for å øke grad av tilknytning og integrasjon. Dette er noe som nok derfor må vurderes fremover. Har fakultetet noen tanker om utviklingstrender i antall stipendiater fremover? Vil det bildet gjøre at man utnytter ressurser bedre med færre skoler eller vil nasjonale løsninger være bedre?

Et annet viktig moment er selve strukturen og organiseringen av fakultetet. Om fakultetet omorganiseres vil det kanskje ha konsekvenser for forskerskoleorganiseringen. Det er også en økonomisk side der forskerskolenes økonomi i liten grad har utviklet seg over årene. Man må kanskje organisere disse mer inn i linjen for å utnytte undervisningsressursene bedre og ivareta ph.d. kurs porteføljen.

4. Hvordan fakultetet følger opp ph.d.-kandidatene fra opptak og gjennom hele ph.d.-perioden

Oppfølging av ph.d.-kandidatene er nok mer systematisk enn det kandidatene har vært klar over. Hvordan rapportering følges opp systematisk av forskerskolene og fakultetet bør kanskje formidles tydeligere til kandidatene. Det ville nok trykke kandidatene mer.

Det finnes rutiner for årsrapportering. Disse blir lest av forskningsadministrasjonen. Og de sakene som trenger det behandles i møter mellom fakultetet og forskerskoleledelsen. Oppfølgingen av ph.d.-kandidatene virker derfor å være god og systematisk, og burde kunne fange opp en rekke problemer som oppstår knyttet til veilederrelasjonen, fremdrift og andre problemer.

Kandidatene ønsker mer fokus og oppfølging av den mentale helsen til kandidatene. Kandidatene har også en generell bekymring for integreringen av de internasjonale kandidatene. Dette er kjent fra andre læresteder, nasjonalt og internasjonalt. Det er noen begrensinger på hva arbeidsgiver kan gå inn i og hvilken informasjon arbeidsgiver skal behandle, men som nevnt over, det at kandidatene blir bedre kjent med de allerede etablerte og gode rutinene for behandling av årsrapporteringen.

Et viktig moment i oppfølging av ph.d.-kandidater som også er typisk på tvers av læresteder nasjonalt og internasjonalt er hvordan mange ph.d.-kandidater blir gitt undervisningsoppgaver, men ingen formell eller obligatorisk universitetspedagogiske kurs. Dette er påfallende, der oppgaven som følgende blir langt mer belastende og der faste ansatte som regel får og blir pålagt slik opplæring. Det anbefales nok å gjøre undervisningsplikten mindre belastende og styrke kvaliteten i undervisningen ved å gi obligatoriske kurs som inngår i opplæringsdelen til de som har undervisningsplikt.

5. Fakultetets krav til avhandlingen og kvaliteten på bedømmelseskomiteens arbeid

Det er vanskelig å si noe konkret på bakgrunn av panelsamtalene rundt disse spørsmålene. Kravene til avhandlingen er innenfor det som er normen i faget nasjonalt, og det er ikke noe evalueringsarbeid rundt dette som vi er klar over.

Vi har ikke mottatt noe overordnet omkring kvaliteten på bedømmelseskomiteenes arbeid, og har kun hatt et begrenset utvalg avhandlinger og innstillinger å ta utgangspunkt i. Da dette kun er eksempler på bedømmelseskomiteene sitt arbeid opplever vi ikke at dette er tilstrekkelig for å vurdere kvaliteten ved bedømmelseskomiteenes arbeid. Det har heller ikke vært noe eget evalueringsarbeid knyttet til dette spørsmålet internt. Det ville selvsagt hatt stor verdi å gjennomføre en slik evaluering. Men i denne runden kan ikke komiteen si mer om dette.

6. Fullføringen av ph.d.-graden med prøveforelesning og disputas

Det har vært noen reduksjoner i festiviteten rundt disputasen, på grunn av mindre økonomisk handlerom. Dette er selvsagt leit. Men ellers er det lite tilbakemelding rundt dette aspektet i panelsamtalene. Det virker som om dette er etablert, på linje med hvordan det gjennomføres ved andre læresteder, og ikke noen kjente problemstillinger eller utfordringer.

7. Ph.d.-programmets samfunns og arbeidslivsrelevans

Dette er et alvorlig og viktig poeng, som bare vil bli mer relevant fremover. Gitt signalene om at sektoren skal reduseres, og med færre midler, stillinger, og mer konkurranse, så vil stadig færre kandidater ha håp om fast stilling i academia. Tiden er forbi da man som ph.d. kandidat kunne forvente førstamanuensisstilling ved fullførelse og en livslang karriere i academia. Det vil selvsagt være noen som får

slike stillinger, men gitt antallet ph.d. kandidater som utdannes og hvor mange ledige stillinger man vil ha fremover så må universitetene utvikle en ny holdning og etikk til ph.d.-programmenes samfunns og arbeidslivsrelevans.

Internasjonalt er det programmer som har egne kurs for kandidater som handler om å gjøre dem mer kjent med arbeidsmarkedet utenfor academia. Slikt finnes jo også for forskjellige bachelor og masterretninger nasjonalt og internasjonalt. Samtidig så er kanskje dette også ikke nok, selv om det nok bør være et minimum. En klarere og tydeligere refleksjon på hva kandidaten vil trenge for en forsknings-, prosjektleder, eller kunnskapsadministrativ karriere utenfor academia behøves.

Ph.d.-stillingens verdi og mål i seg selv må nok endres. Fra å være veileders ressurs for forskning må stillingen i større grad primært omgjøres til en stilling som forbereder kandidaten til en karriere utenfor academia. Dette er et stort arbeid som nok bør involvere hele sektoren, og er utenfor scope for denne evalueringen. Men det er nok ikke lenger slik at et vanlig ph.d.-program er godt nok tilpasset samfunnet eller arbeidslivet. Og det forplikter til mer nytenkning.

Evalueringskomiteens overordnede konklusjoner

Det er hevet over enhver tvil at ph.d. programmet ved Psykologisk fakultet, UiB, tilfredsstiller kriteriene for ph.d. i henhold til forskriftene. Komiteen støtter fakultetets egnevaluering fullt ut.

Men ph.d.-løpet og den akademiske sektoren er i endring. Det vil i nærmeste fremtid bli strammere økonomi og færre stillinger, og også utfordringer med å opprettholde en rekke gode sider ved programmet samt kursporteføljen. De utfordringene reflekteres i de punktene fakultetet ba oss om å se på spesifikt.

Ph.d. kandidatene er opptatt av to sider ved den store andelen internasjonale: Både at de ofte er overkvalifiserte, og burde vært postdoc fremfor ph.d. og på den måten fortrenger gode lokale kandidater som burde kunne ta en ph.d. direkte fra studiet. Men også at når man først er inne i programmet så må det være bedre integrering med flere tilbud på engelskspråklige kurs. Overordnet er den mentale helsen til ph.d. kandidatene noe kandidatene er opptatt av.

Forskerskolene ser for seg at en stadig krympende økonomi vil gjøre det vanskeligere å organisere nok kurs fremover. Det kan hende at disse kursene må organiseres i linja, slik at disse kursene og de som holder dem blir del av det overordnede undervisningsregnskapet.

Det fremste felleskurset ser ut til å ha utviklet seg over mange år uten noen konkret overordnet evaluering og styring. Tradisjonelt er det hver kursansvarlig som preger og former kurset. Nå virker det som det holder på å utvikle en mer vitenskapsteoretisk og etisk orientering, mens forskerskole ledelsen ønsker en felles

statistikk og metode kunnskap. Vi mener at også samfunnsrelevans og karriereplanlegging er relevant her.

De pedagogiske kandidatene virker å havne noe på utsiden av fakultetets ph.d. miljø generelt. Noe som kanskje forsterkes av at de også deltar på en nasjonal forskerskole. Det bør kanskje vurderes om det er mulig å binde sammen miljøene mer. Samtidig er det kanskje en tanke å vurdere nasjonale forskerskoler også innen andre temaer. Med synkende nasjonale ph.d. tall og ressurser, så kan det å samle den nasjonale kompetanse på flere områder (etter modell av den pedagogiske forskerskolen, YFL-programmet).

Fremover er det etisk nødvendig å vurdere hvordan ph.d. kandidater ikke primært har karrieremuligheter innen akademia, etter hvert som sektoren bygges ned. Man må vurdere hvilke andre stillinger de kvalifiserer for og endre ph.d.-programmet for å bedre ivareta unge mennesker i midlertidige stillinger, slik at de er bedre forberedt på arbeidslivet de sannsynligvis skal ut i utenom akademia. Dette bør selvsagt være del av en overordnet nasjonal reorientering av ph.d.-løpet (og det er allerede et fokusområde internasjonalt).

Referanser

Retningslinjer for programevaluering av ph.d.-programmene. Universitetet i Bergen

Stake, R. E. (2004) Standard-Based and Responsive Evaluation. Sage Publications.



Styre
Ph.d.-programstyret, Det psykologiske fakultet

Arkivreferanse
2024/5971
Styresak
07/25

Dokumentdato
27.08. 2025
Møtedato
03.09. 2025

Evaluering av ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, UiB: Oppfølging av programevalueringskomiteen sin rapport

Bakgrunn

Fakultetsvise ph.d.-program vart innført ved UiB i 2019, og [Kvalitetssystemet for ph.d.-utdanningen ved UiB](#) seier at ph.d.-programma ved UiB skal gjennomføra ei programevaluering minst kvart sjette år. Fakultetet må såleis gjennomføra ei slik evaluering seinast i 2025.

I følge utarbeidde [Retningslinjer for programevaluering av ph.d.-programmene ved Universitetet i Bergen](#) skal fakulteta førebu evalueringa, og programstyret for ph.d.-utdanninga har gjennom fleire saker i 2024 utarbeidd eigenevalueringar, innspel til evalueringskomité og mandat for programevalueringa (jf. sak 04/24, 05/24, 07/24, 11/24).

Mandat for programevalueringskomiteen vart fastsett av fakultetsstyret i juni 2024 (jf. fakultetsstyresak 41/24), og *Komité for evaluering av ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen* vart nemnt opp av fakultetsstyret 5. desember 2024 (fakultetsstyresak 87/24). Den hovudsakleg eksterne komiteen leverte ein evalueringsrapport som vart sendt programstyret i mai 2025 (sak 04/25). I retningslinjene vert det slått fast at det er programstyret for ph.d.-utdanninga som er ansvarleg for å vedta oppfølging av evalueringsrapporten og vurdera om ph.d.-programmet kan reakkrediterast av fakultetsstyret.

Nærare om innhaldet i evalueringsrapporten

Programevalueringskomiteen ser mandatet både som eit oppdrag for å vurdera element av formell karakter knytt til om ph.d.-programmet oppfyller alle krav iht. lov og forskrifter, men også for at komiteen gjennom oppdraget får rom til å leggja grunnlaget for eit utviklingsarbeid for ph.d.-utdanninga ved fakultetet. Rapporten seier eksplisitt at programevalueringskomiteen har hatt som overordna mål at evalueringsrapporten først og fremst skal vera nyttig for fakultetet i arbeidet med å utvikla ph.d.-programmet.

Rapporten går i første del gjennom dei overordna evalueringskriteria sett opp på s. 3-5 i UiB sine retningslinjer for programevaluering, og om ph.d.-programmet overheld krava i Studiekvalitets- og Studietilsynsforskrifta. I rapporten sin andre del er fokuset vurderingar knytt til punkta i mandatet som fakultetet ber om særskilte tilbakemeldingar på.

Programevalueringskomiteen peikar i rapporten på fleire utviklingstrekk i ph.d.-utdanning generelt og set også fokus på konkrete sider av fakultetet si organisering av denne spesielt. Komiteen kjem med fleire

innspel, og oppmodar fakultetet til å gjera konkrete tiltak for å auka kvaliteten i ph.d.-programmet og ph.d.-utdanninga.

Om dei overordna evalueringskriteria og forskriftskrava til ph.d.-utdanninga

Når det gjeld dei overordna evalueringskriteria og forskriftskrava til ph.d.-utdanninga godkjenner komiteen desse, men har nokre merknadar til ulike punkt:

- Om **læringsutbyte** nemner komiteen berre at det på overordna nivå kan vera vanskeleg å vurdere korleis læringsutbyte heng saman med arbeids- og undervisningsformer og vurderingsordningar i opplæringsdelen, sidan det er stor variasjon i mange ulike kurs.
- Til **fagleg innhald** vurderer komiteen naturleg nok integrasjonen mellom fagdisiplinane pedagogikk og psykologi som ei utfordring når det gjeld om ph.d.-programmet kan seiast å utgjera ein vitskapleg heilskap, men komiteen understrekar at det utvilsamt er slik innan kvar av disiplinane. Når det gjeld om ph.d.-programmet har tydeleg relevans for vidare arbeidsliv meiner komiteen at dette området både kan og bør betrast monaleg framover, noko dei utdjupar seinare i rapporten.
- Når det gjeld **fagmiljø** vert det understreka at ph.d.-programmet har ei tydeleg fagleg leiing og eit høgkompetent fagmiljø.
- Komiteen har ei tydeleg melding når det gjeld **internasjonalisering** om at dersom det er obligatorisk for ph.d.-kandidatane å delta på fagkonferansar er det tilrådeleg at øyremerka midlar følgjer med eit slikt krav.
- Ph.d.-kandidatane sin **opplæringsdel** fungerer bra, men fleire engelske kurs er etterspurde. Både kandidatar og tilsette er også uroa over om kurstilbodet kan haldast oppe med «dugnadsinnsats» og ein krympande økonomi. Komiteen meiner fakultetet bør få kurstilbodet på ph.d.-nivå organisert som del av det totale undervisningsbudsjettet ved fakultetet. Komiteen tilrår også ei grundigare intern evaluering og revidering av det obligatoriske felleskurset *PS901*.
- Når det gjeld **læringsmiljøet, både faglig og sosialt**, seier komiteen at kandidatane rapporterer om eit varierende aktivitetsnivå i forskingsgruppene, og at kandidatar innan pedagogikk ikkje ser ut til å vera integrert i ph.d.-kandidatforeininga *psykSTIP*.
- Om **retteleiing** ser komiteen at det finst arenaar for opplæring, kompetansebygging og erfaringsutveksling for rettleiarar, men at det ikkje finst konkret oversikt over om rettleiarane har tilstrekkelege kunnskapar om gjeldande regelverk og etikk innan ph.d.-utdanninga.
- Komiteen finn **vilkår og prosess for opptak** tilfredsstillande.
- Fakultetet oppfyller også kvalitets-, formal- og sjangerkrav knytt til ulike typar **avhandling**.
- Komiteen etterlyser også ei eigenevaluering som ser på om komiteen bevisst nyttar læringsutbyteskildringane og nivåskildringa i ph.d.-forskrifta om avhandling når det gjeld **bedømming**.
- Komiteen saknar meir dokumentasjon om **samfunns- og arbeidslivsrelevans**, og utdjupar kommentarar om dette seinare i rapporten.
- Komiteen finn ingen grunn til uro knytt til **gjennomstrøyming og gjennomføring** i ph.d.-utdanninga ved fakultetet.

På s. 9 i programevalueringsrapporten summerer komiteen så opp gjennomgangen av dei overordna evalueringskriteria når det gjeld om ph.d.-programmet ved fakultetet oppfyller krava i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta.

Programevalueringskomiteen sine konklusjonar er i tråd med både fakultetets si eigenevaluering av opplæringsdelen og rammene for denne, og eigenevalueringa som gjeld krava knytt til studiekvalitet- og studietilsynsforskrifta. I følgje komiteen oppfyller fakultetet sitt ph.d.-program utvilsamt krava lovverket set, og programstyret kan såleis trygt råda fakultetsstyret til å reakkreditera ph.d.-programmet ved fakultet.

Om tema som fakultetet i mandatet ber om særskilte vurderingar av

I andre del av rapporten går programevalueringskomiteen nærare inn på 7 tema som fakultetet i mandatet ynskjer særlege vurderingar av. I fleire av vurderingane kjem komiteen naturleg nok inn på tema omtala i samband med evalueringskriteria omtalt i rapporten sin første del, men her er også meir konkretiserte tilbakemeldingar som kan trekkjast fram.

1. *Fakultetet si rekruttering av ph.d.-kandidatar, og korleis opptaksprosessen vert gjennomført*

Komiteen: Når det gjeld universitetsstipendiatar er ein felles prosess for tilsetjing og opptak ynskjeleg, men ulike tilhøve i HR- og forskingsseksjonen kompliserer dette.

2. *Kvaliteten på opplæringsdelen i ph.d.-utdanninga, ...*

Komiteen: Overordna er kvaliteten god og tilfredsstillande, men kandidatane peikar på ulikt aktivitetsnivå mellom forskarskulane.

... med særskilt vekt på:

a. *Det vitskaplege innhaldet og organiseringa av fakultetet sitt obligatoriske grunnkurs*

Vitenskapsteori, etikk, metode og forskningsdesign (PS901, 8 studiepoeng), og spesifikt om kurset oppfyller UiB sitt krav om opplæring i etikk.

Komiteen: Forskarskuleleiarane ynskjer gjerne meir vekt på metodekompetansen hjå kandidatane i eit slikt obligatorisk grunnkurs enn i dag. Komiteen tilrår ei grundig evaluering for å revidera kurset, og antydgar at også fellesaspekt som samfunnsrelevans og karriereplanlegging kan tenkjast inn i dette.

b. *Om forskarskulane tilbyr valfrie forskarkurs som kan sjåast på som relevante og som dekkjer ph.d.-kandidatane sine behov for spesifikk opplæring*

Komiteen: Det er eit ynskje om fleire kurs, og fleire engelskspråklege kurs. Komiteen peikar på at dette kan vera utfordrande å få til i den noverande økonomiske situasjonen, der forskarskulane opplever seg sjølv som underfinansierte og dugnadsdrivne.

c. *Organisering og gjennomføring av midtvegsevalueringa*

Komiteen: Ordninga er positiv og bør utviklast. Kandidatar ynskjer meir individuelle og detaljerte tilbakemeldingar. Forskarskuleleiarane signaliserer på si side at det vil vera ressursmessig krevjande å oppretthalda og utvida dagens ordning. Komiteen understrekar at ordninga med midtvegsevaluering er viktig mtp. gjennomstrøyming.

3. *Forskarskulane si organisering og rolle i opplæringsdelen*

Komiteen: Stiller spørsmål til ressursutnyttinga ved at fakultetet har tre lokale og ein nasjonal (nordisk) forskarskular, i ei tid der talet på ph.d.-kandidatar kan gå ned og der det er liten utvikling i forskarskulane sin økonomi. Komiteen foreslår at fakultetet kanskje bør sjå nærare på nasjonal

organisering for fleire tema, og at kandidatane si tilknytning til forskarskulane kan også synast noko vag ved fakultetet.

4. *Korleis fakultetet følgjer opp ph.d.-kandidatane frå opptak og gjennom heile ph.d.-perioden*

Komiteen: Forskarskulane og fakultetet si systematiske oppfølging av kandidatane si rapportering bør formidlast tydelegare til kandidatane. Komiteen viser også til at kandidatane gjerne ynskjer meir fokus og oppfølging av kandidatar si mentale helse og integreringa av internasjonale ph.d.-kandidatar. Komiteen peikar også på at det nasjonalt og internasjonalt er ei utfordring av ph.d.-kandidatar vert pålagt undervisningsoppgåver utan at det vert gjeve turvande universitetspedagogiske kurs og opplæring.

5. *Fakultetet sine krav til avhandlinga og kvaliteten på bedømmingskomiteen sitt arbeid*

Komiteen: Det er vanskeleg å seia noko substansielt om kvaliteten på bedømmingskomiteane sitt arbeid utan eit betre dokumentasjonsgrunnlag. Komiteen meiner ei eigenevaluering av dette ved fakultetet vil vera av stor verdi.

6. *Fullføringa av ph.d.-graden med prøveførelsesing og disputas*

Komiteen: Trass reduksjonar i «festivitas» kring disputasar grunna økonomiske omsyn, ser det ut til at dette fungerer som det skal.

7. *Ph.d.-programmet sin samfunns- og arbeidslivsrelevans*

Komiteen: Her kjem komiteen med tydelege synspunkt på at fakultetet sin innsats må intensiverast. Fleire utviklingstrekk i samfunnet gjer at ph.d.-kandidatane treng meir rettleiing om dette: Mindre ressursar til sektoren, færre midlar, stillingar og auka konkurranse gjer karrierar i academia mindre sannsynlege for ph.d.-kandidatane. Ph.d.-kandidatane treng såleis tydelege refleksjonar og informasjon om alternative karriereveggar, og nytenking kring eit ph.d.-program sin samfunnsrelevans.

Programevalueringskomiteen sine avsluttande konklusjonar

Til sist i rapporten konkluderer komiteen at det er heva over ein kvar tvil at ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen oppfyller forskriftsmessige kriteria til ph.d.-utdanning. Likevel framhevar komiteen at heile ph.d.-løpet og den akademiske sektoren er i endring, og at dette kan endra grunnlaget og føresetnadane for fakultetet sitt ph.d.-program framover. Akkurat dette gjev også fleire sentrale aktørar i ph.d.-utdanninga uttrykk for: Ph.d.-kandidatane uttrykkjer uro for auka konkurranse, færre postdoktorstillingar, integreringa av internasjonale ph.d.-kandidatar og dei er opptekne mental helse hjå ph.d.-kandidatane. Forskarskulane ser at ein krympande økonomi er utfordrande for å kunna gjennomføra aktivitetar og valfrie kurs i opplæringsdelen.

Fleire av komiteen sine forslag til tiltak kan kanskje imøtekomast ved revisjon av innhaldet i det obligatoriske felleskurset. Andre forslag krev at ulike aktørar i ph.d.-utdanninga tenkjer nytt når det gjeld finansiering, undervisningsplanlegging, meir nasjonale perspektiv på forskarskular, kompetanse og ph.d.-utdanning. Komiteen avsluttar evalueringsrapporten med ein appell om at det framover er etisk naudsynt å ta omsyn til og bu ph.d.-kandidatar på endra karriereutsikter i ein stadig meir økonomisk pressa sektor.

Om oppfølging av evalueringsrapporten

Ifølgje [Retningslinjer for programevaluering av ph.d.-programmene ved Universitetet i Bergen](#) (s. 2) skal ph.d.-programstyret på bakgrunn av ph.d.-programevalueringa gje fakultetsstyret ei tilråding om programmet kan reakkrediterast, eller om forbetringar som vert sett på som naudsynte for at programmet

skal kunna reakkrediterast. Den mottekne programevalueringsrapporten er tydeleg på at ph.d.-programmet oppfyller alle forskriftskrav, og programstyret kan såleis råda fakultetsstyret til å reakkreditere dette.

Retningslinene slår også fast at det bør utarbeidast ein plan for kva tiltak som skal følgjast opp når rapporten ligg føre, inkludert ein tidsplan. Det er programstyret som har ansvar for å vedta slik oppfølging. Fakultet og fagmiljø har ansvaret for implementeringa av tiltak i etterkant av evalueringa.

Den mottekne evalueringsrapporten har mange gode poeng og forslag til tiltak for å utvikla kvaliteten i fakultetet sitt ph.d.-program, men rapporten kan også seiast å ha nokså tynne vurderingar av ulike sider ved ph.d.-utdanninga. Likevel samsvarar fleire ting i rapporten med diskusjonar programstyret for ph.d.-utdanninga har hatt over tid i mange saker som gjeld kvalitetssystemet for ph.d.-programmet, fleire eigenevalueringar, gjennomgangar og førebuingar til denne første programevalueringa. Både revisjonar knytt til den obligatoriske delen av opplæringsdelen (obligatorisk felleskurs, stipendiatsamling og midtvegsevaluering), diskusjonar kring forskarskuleorganisering, det økonomiske ressursgrunnlaget for ph.d.-utdanninga, rettleiaropplæring, oppfølginga av ph.d.-kandidatar og behov for karriereplanlegging er velkjent stoff frå programstyremøta dei siste åra.

Forutan å dokumentera og bruka programevalueringsrapporten til at fakultetsstyret no kan reakkreditere ph.d.-programmet, er rapporten altså også viktig for den kontinuerlege kvalitetsutviklinga av ph.d.-utdanninga ved fakultetet. Programstyret må nytta momentet evalueringsrapporten gjev til å gjera endringar, både på kort og lang sikt. Erfaringar heilt frå etableringa av ph.d.-programmet i 2019 fram til denne første programevalueringa i 2025, gjer at programstyret no bør initiera eit arbeid med å gjennomgå og revidera opplæringsdelen, programskildringa, alle retningslinjer og kursporteføljen – og på noko lengre sikt – få fakultetet til å sjå nærare på korleis ulike sider ved ph.d.-utdanninga er organisert ved fakultetet og universitetet. Ei naturleg tidsramme for ein tiltaksplan bør vera tida fram til neste programevaluering i 2031. Utkast til ein tiltaksplan som byggjer på programevalueringsrapporten følgjer vedlagt (sjå *vedlegg 1*).

Vidare oppfølging av tiltaksplanen ved fakultetet

Ein slik tiltaksplan må naturleg nok følgjast breitt opp og over lang tid ved fakultetet. Nokre tiltak og endringar kan gjerast raskt og uproblematisk – andre krev grundigare forankring, avklaringar mellom fleire nivå og vil ta lengre tid. Ulike revisjonar vil også kunna krevja vedtak i ulike organ.

Kvalitetsutviklinga av ph.d.-programmet er såleis avhengig av eit breitt samarbeid ved heile fakultetet. Fagleg input og god administrativ støtte er heilt avgjerande for å gjennomføra tiltaka, og framover er det er fakultetet/FFU og fagmiljøa sitt ansvar å setja i verk tiltaka programstyret tilrår på best mogleg måte.

Framlegg til vedtak

Programstyret for ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet sluttar seg til programevalueringskomiteen sine vurderingar om at ph.d.-programmet tilfredsstiller kriteria for ph.d.-utdanning i lov og forskrifter, og rår med dette fakultetsstyret til å reakkreditere fakultetet sitt ph.d.-program.

Programstyret foreslår vedlagde tiltaksplan for kvalitetsutvikling av ph.d.-programmet, med dei merknadar og kommentarar som kom fram i møtet.

Vedlegg:

- VEDLEGG 1: Utkast til *Tiltaksplan for kvalitetsutvikling av ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, UiB – 2025-2031*
- VEDLEGG 2: *Evaluering av ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, UiB: Oversending av programevalueringskomiteens rapport*, med vedlegg – programstyresak 04/25, Ph.d.-programstyret, Det psykologiske fakultet

27.08. 2025/Arild Mellesdal

Tiltaksplan for kvalitetsutvikling av ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet, UiB – 2025-2031

Handsama av Programstyret for ph.d.-utdanninga, 3. september 2025.

Byggjer på evalueringsrapporten frå programevalueringskomiteen 2025, og tek omsyn til tilbakemeldingar frå både kandidatar, forskarskuleleiarar og administrasjon. Målet er å styrka kvaliteten i ph.d.-programmet ved fakultetet og kunna møta framtidige utfordringar i sektoren.

1. Styrka opplæringsdelen

- Revidera særleg den obligatoriske delen av opplæringsdelen (felleskurset PS901 og stipendiatsamlinga PS 902 og Midtvegsevaluering PS904) med brei involvering frå fagmiljø og forskarskular.
- Integrera statistikk og metode tydelegare i det obligatoriske kurstilbodet.
- Forbetra midtvegsevalueringa gjennom å utvikla meir individuelle og faglege tilbakemeldingar og kartleggja og vurdere ressursbehov for ordninga.
- Kartlegge og vurdere å auka talet på engelskspråklege kurs for å betra integreringa av internasjonale kandidatar.

ANSVARLEG: Programstyret

TIDSLINE: 2025-2026

2. Full fagleg/administrativ gjennomgang av programskildringa og retningslinjer

- Ny, fagleg gjennomgang av læringsutbyteskildringa for ph.d.-programmet.
- Sikra at programskildringa er i samsvar med lov og forskrift.
- Sjå gjennom alle relevante dokument og retningslinjer.

ANSVARLEG: Programstyret og forskingsadministrasjonen

TIDSLINE: 2025-2026

3. Betre ressursgrunnlag og finansiering av ph.d.-utdanninga

- Laga oversikter for å synleggjera inntekter og ressursbruk i heile ph.d.-utdanninga ved fakultetet.
- Likebehandla ph.d.-nivået når det gjeld kurs, emneansvar og undervisningsrekneskap.
- Betre bruk av evt. pliktarbeid.
- Setja av pengar (annum, mobilitetsmidlar) som gjer at stipendiatar kan gjennomføra obligatoriske aktivitetar.
- Arbeida for at eksterne institusjonelle samarbeidspartnarar (arbeidsgjevarar) like eins ved opptak i ph.d.-programmet forpliktar seg til å setja av turvande midlar til dei eksternt finansierte ph.d.-kandidatane (t.d. gjennom særlege driftsmidlar).

ANSVARLEG: Programstyret, fakultet og institutt

TIDSLINE: 2025-2031

4. Utvikla forskarskulestrukturen

- Vurdera samordning eller samanslåing av forskarskular ved lågt kandidatgrunnlag eller fagleg overlapp.
- Utforske nasjonale forskarskular innan fleire fagområde etter modell av *Yngre forskningsledere* (YFL) eller anna formalisert, institusjonalisert samarbeid.
- Styrka informasjon og integrering for kandidatar som opplever låg tilknytning til forskarskulen.

ANSVARLEG: Programstyret, fakultet og institutt **TIDSLINE:** 2025-2031

5. Styrka rettleiaropplæring

- Utvikla og tilby faste (og også obligatoriske) kurs og arenaar for rettleiarar med fokus på regelverk, etikk og pedagogikk.
- Betre utnytta kompetanse som alt finst i fagmiljøa på fakultetet.

ANSVARLEG: Programstyret, fakultet og institutt **TIDSLINE:** 2026-2027

6. Betre kandidatoppfølging

- Integrera universitetspedagogisk opplæring for kandidatar med undervisningsplikt.
- Synleggjera oppfølgingsrutinar for kandidatane, særleg når det gjeld framdriftsrapportering og støtteapparat.
- Styrka tiltak for mental helse og sosial integrering, særleg for internasjonale kandidatar.
- Støtta ph.d.-kandidatforeininga og arbeida for at kandidatar frå alle fagområde vert inkludert i denne.

ANSVARLEG: Programstyret, forskingsadministrasjonen og fakultet **TIDSLINE:** 2025-2027

7. Større fokus på arbeidslivsrelevans og karriereplanlegging

- Arbeida for at UiB og *UiB Ferd* utviklar kurs og andre ressursar for synleggjering av karrierar utanfor academia og styrkar kontakten med arbeidslivet.
- Utbetra fagleg kvalitetssikra nettsider med relevant informasjon på eiga nettside
- Vurdera å ta arbeidslivsrelevans og karriereplanlegging inn i den obligatoriske delen av opplæringsdelen i ph.d.-utdanninga.

ANSVARLEG: Programstyret **TIDSLINE:** 2025-2031

8. Særskilte administrative tiltak

- Gjennomgå og effektivisera opptaksprosessen for både prosjektbaserte og «opne» stillingar, for både eksternfinansierte og universitetsfinansierte ph.d.-kandidatar.
- Laga retningslinjer (mal) for innstillinga frå bedømmingskomiteen
- Meir utfyllande informasjon om korleis framdriftsrapporteringa vert handsama ved fakultetet
- Laga fagleg kvalitetssikra særskilt informasjon om psykisk og mental helse på eiga nettside

ANSVARLEG: Programstyret og forskingsadministrasjonen **TIDSLINE:** 2025-2026